

**Sak 03/19 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG RESULTATREKNESKAP.**

**Framlagt:**

Forslag til årsmelding for 2018.  
Forslag til rekneskap med resultat, balanse og notar for 2018.

**Tilråding:**

Styret tilrår årsmøtet å godkjenne rekneskap og styret si melding for 2018.

**Sak 04/19 ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR.**

**Tilråding:**

Styret foreslår at årets overskot føres mot annen egenkapital.

**Sak 05/19 LØYVINGAR TIL ÅLMENNYTTIGE FØREMÅL.**

**Merknad**

Til søknadsfristen for løyvingar for 2018, var det kome inn søknad frå:

Hundvåkøy Samfunnshus Vel	oppussing ungdomsklubb	kr 50 000,00
Austevoll Rideklubb	tilskudd til for	kr 20 000,00
Petter A Storebø	Hov til å ta opp gamle teiner	kr 160 000,00
Litla Kalsøy Vel	Oppgradering av el-anlegg skulehus	kr 15 000,00
Vinnesvåg Velforening	Sherpatrappar til Vetan	kr 500 000,00
Austevoll Historielag	Forprosjekt "Austevollsøge"	kr 80 000,00
Nordre Haugland Velforening	Leikeapparat til leikeplass	kr 20 000,00
Selbjørn Idrettslag	Turndrakter til turngruppe	kr 45 000,00
Austevoll Helselag	Sherpasti til Kongsen - trinn 2	kr 400 000,00
Austevoll Kystlag	Opplæring i kystkultur til born 1-4 klasse	kr 10 000,00
Sandtorv Øymarked	Øymarked på Sandtorv	kr 20 000,00
Kolbeinsvik Drøna Vinnesvåg Skulekorps	Oppgradering av instrument	kr 40 000,00

**Tilråding:**

Styret tilrår årsmøtet å løyve 300.000,- til Austevoll Helselag til å bygge ferdig Sherpasti til Kongsen.

**Sak 06/19 GODTGJERING TIL STYRE, STYREFORMANN M.V.**

Valnemnda vi føreslå slik godtgjering til styreleiar, nestleiar og styremedlemane for 2019 – 2020.

Godtgjering til styreleiar:	kr. 51 000,- per. år.
Godtgjering til nestleiar:	kr. 26 000,- per. år.
Godtgjering til styremedlem:	kr. 20 000,- per. år.
Møtegodtgjering:	kr. 1.900,- per møte.

**Sak 07/19 VAL AV STYRE, VARAREPRESENTANTAR OG STYRELEIAR.**

**Merknad:**

I ordinær generalforsamling den 07.06.18 vart følgjande valde til valnemnd:

Reidar Vik, leiar  
Elisabeth Ø. Hufthammer, medlem  
Ingvar Lauvik, medlem

Av styremedlemane står desse på val i 2019:

- **Styremedlem**      **Arve Jostein Bruntveit**      **2017 – 2019**
- **Styremedlem**      **Andreas Iversen**      **2017 – 2019**

Vararepresentantane er og valde for to år står ikkje på val i år.

- 1. Vararepresentant:**    **Liv Bente Storebø**      **2018 - 2020**
- 2. Vararepresentant:**    **Ivar Helge Melingen**      **2018 - 2020**

Grethe Drønen Ringdal er vald som styreleiar for 2018 – 2019.

I vedtektene § 11.1 står det fylgjande:

*Kraftlaget skal ha eit styre på 5 - 7 (fem til sju) medlemmer og 3 (tre) varamedlemmer med funksjonstid på 2 (to) år. Årsmøte vel 4 (fire) styremedlemmer og 2 (to) varamedlemmer i rekke med funksjonstid på to år.*

*Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei valde styremedlemmane valde av partseigarane.*

I lov om samvirkeføretak (samvirkelova), § 69 og i brev frå Brønnøysundregistra av 30.01.12 heiter det:

*I styret i samvirkeføretak med meir enn 1000 medlemmar på det tidspunkt valet av styremedlemmar skjer skal begge kjønn vera representert på fylgjande måte.*

- 1. har styret to eller tre medlemmar, skal begge kjønn vera representert.*
- 2. har styret fire eller fem medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst to.*
- 3. har styret seks til åtte medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst tre.*

Valnemnda vil tilrå slikt val av styre og styreleiar:

- **Styremedlem: Arve Jostein Bruntveit** 2019 – 2021
- **Styremedlem: Andreas Iversen** 2019 - 2021

Vararepresentantane er valde for to år, og står ikkje på val i år.

Valnemnda vil tilrå at **Grethe Drønen Ringdal** vert vald som styreleiar for eitt år.

**Reidar Vik(s) Elisabeth Ø. Hufthammer(s) Ingvar Lauvik(s)**  
**Leiar**

#### **VAL AV REVISOR FOR 2019**

I ordinært årsmøte den 07.06.18 tilrådde styret årsmøtet å velja BDO som Austevoll Kraftlag SA sin revisor for år 2018. Årsmøtet slutta seg samrøystes til styret si tilråding. Styret vil tilrå årsmøtet å velja BDO som revisor også for 2019.

#### **Tilråding:**

Styret tilrår Årsmøtet å velje BDO som revisor for 2019.